



Senterungdomen

Til

Landsstyret

Kontrollutvalet

Fylkeslagi

Lokallagi

Valkomiteen

Resolusjonskomiteen

Fylkeskontori

Stortingssekretariatet

Hovudorganisasjonen i Senterpartiet

Innkalling til det 73. Landsmøte i Senterungdomen 2022

Det vert med dette kalla inn til det 73. Landsmøte i Senterungdomen (sjå Senterungdomens vedtekter § 10.1).

Dato: 18. – 20. november 2022

Stad: Quality Airport Hotel Gardermoen

Møtestart: fredag kl. 14:00 (lunsj 13:00)

Møteslutt: søndag kl. 14:00 med lunsj

Påmelding

Påmelding vert send til senterungdommen@sp.no med bruk av vedlagte fullmaktsskjema. Påmeldingsfristen er sette til 17. oktober 2022, og som ved alle senterungdomsarrangement er påmeldingi bindande.

Delegatavgift

Delegatavgifta er sette til kr 4 300 per delegat. Dersom nokon ynskjer enkeltrom vil det verta lagt til ein ekstra kostnad i form av ein eigenandel. Kostnaden vil verta fakturert i sin heilskap til fylkeslagi, som då har ansvaret for å vidarefakturera eventuelle kostnader som fylkeslaget ikkje dekkjer.

Delegatar frå fylkeslag og lokallag

Tal på delegatar frå kvart fylke vert regulert av Senterungdomens vedtekter, sjå § 10.2.

Ein sender tre (3) delegatar frå kvart stortingsvaldistrikt, og fylkesvalde utsendingar er ein per 50. påbegynte medlem. Dette vert rekna ut frå medlemstalet ein hadde førige år (per 31.12.2021).

I tillegg kjem det ei utsending for kvart lokallag som har halde årsmøte og send inn rapporteringsskjema innan fristen for 2022. Fristen for å ha årsmøte er 7. oktober 2022.

Varaordning

Kvar fylkesdelegasjon skal ved påmelding av landsmøtet senda inn ei liste med prioritert vara til landsmøtet. Desse varaene skal verta meld inn i same fullmaktsskjema som delegatane. Frist for å setja inn vara vil verta sette på landsstyremøtet i midten av oktober.

NB! Det vert slik at ein ved fråfall av ein delegat, berre kan erstattast av ein som er ståande på den innsende varalista.

Observatørar

Påmeldingar for observatørar vert send til senterungdommen@sp.no innan 17. oktober. Pris for observatørar vil vera kr 4 300 for heile arrangementet (kostnader for enkeltrom vil ogso her koma i tillegg). For observatørar som ikkje bur på hotellet vil ein ha ei deltakaravgift på kroner 1 115 for deltaking på lunsj og middag laurdag og kr 550 for lunsj sundag.

Reise

Fylki dekkjer sjølv reise for delegatane sine. Utgiftene ved reisa vil inngå i ordningi for reiseutjamning so lenge fylki vel billigaste reisemåte. Hugs å tinga billetter so tidleg som mogleg. Dersom du kjem etter møtestart eller må reisa føre møtet vert heva, ver venleg å gjeva organisasjonssekretær Eline Stene beskjed på este@sp.no.

Andre delegatar og observatørar

Etter Senterungdomens vedtekter § 10.2 vert fylgjande andre delegatar og observatørar kalla inn til Senterungdomens 73. Landsmøte 2022.

- Senterungdomens sentralstyre og 1. varamedlem
- Senterpartiets stortingsrepresentantar, som er under 30 år og har betala medlemskontingent til Senterungdomen i arbeidsåret.
- Senterpartiets fylkesordførarar, fylkesvaraordførarar, fylkesråd og gruppeleiarar i fylkesting og ordførarar som er under 30 år og har betala medlemskontingent til Senterungdomen i arbeidsåret.
- Utan røysterett møter: Sekretariatet i Senterungdomen, ungdoms- og fylkessekretærar.

Fristar

Årsmøte i lokallaget, sjå Senterungdomens vedtekter § 6.2.1

Årsmøtet er lagets øverste myndighet. Ordinært årsmøte holdes minimum 6 uker før landsmøtet. Årsmøte innkales skriftlig av styret, med minst 14 dagers varsel.

Årsmøtet i lokallaget må difor verta halden innan 7. oktober 2022.

Årsmøte i fylkeslaget, sjå Senterungdomens vedtekter § 8.4.1

Fylkesårsmøtet er fylkeslagets øverste myndighet. Fylkesårsmøtet holdes hvert år minimum 5 uker før landsmøtet.

Årsmøtet i fylkeslaget må difor verta halden innan 14.oktober 2022.

Innsendingar av vedtektsbrigde

Forslag til vedtektsbrigde må etter Senterungdomens vedtekter §17 verta send innan 30.september 2022. Desse vert send til generalsekretær, Henrik Hageland på heh@sp.no.

Innsendingar av brigdeføresegn til Internasjonalt program

Forslag til nytt internasjonal program skal vera ute på to høyringsrundar i organisasjonen. Andre runde er i full gong og vil ha ein innspelsfrist på 16. oktober 2022. Brigdeføresegn vert send inn via skjemaet ein finn på nettsida til Senterungdomen: <https://www.senterungdommen.no/internasjonalt-program>

Innkomne saker, sjå Senterungdomens vedtekter § 10.1

Saker som ønskes behandlet av landsmøtet må være kommet sentralstyret i hende senest innen 2 uker før landsmøtet starter.

Sakene må difor vera send inn til generalsekretær, Henrik Hageland på epost heh@sp.no innan 4. november 2022.

Innsending av resolusjonar

Resolusjonar som ein ynskjer at landsmøtet skal handsama skal sendast til organisasjonssekretær, Eline Stene på este@sp.no. Fristen for å senda inn desse er 4. november 2022.

Sakliste

Sak 01 Konstituering av Landsmøtet

Sak 02 Årsmelding

Sak 03 Arbeidsplan

Sak 04 Kontingent og honorar

Sak 05 Budsjett og økonomiplan

Sak 06 Vedtekter

Sak 07 Val

Sak 08 Medlemskap i paraplyorganisasjonar

Sak 09 Resolusjonar

Sak 10 Internasjonalt program

Sak 11 Innkomne saker

Beste helsing



Torleik Svelle

Leiar



Henrik Hageland

Henrik Hageland

Generalsekretær